

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15939 - 21/21910

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
30.03.2021

Oversender klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av garasje til klagevurdering - gbnr 443/47 Toska

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 445/47
Adresse: Toskavegen 554
Tiltakshavar/eigar: Solfrid Wallem
Klagar: Solfrid Wallem

Saka gjeld

Saka gjeld klage på delegert vedtak i sak 20/15939, datert 12.01.2021, om avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av garasje på gbnr 443/47 Toska. Garasjen har eit bygd areal på 48 m2 og skal plasserast på nyleg godkjend frådelt tilleggsareal til gbnr 443/47 i sak 20/7581.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 24.03.2021, der Alver kommune sitt vedtak datert 12.01.2021 vart gjort om og klagen vart tatt til følge. Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune fatta følgjande vedtak:

«APM- 057/21 Vedtak:

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl § 1-8 for oppføring av garasje, samt heimel i pbl § 20-2, jfr § 20-1 bokstav a) jfr § 1-6 andre ledd, vert det gjeve løyve for oppføring av garasje.

Grunngjeving: Arealet er tidlegare blitt gitt positivt vedtak der søknaden gjalt deling av eit 120m2 stort areal der formålet er parkering/garasje.

Bygningen skal nyttast til oppbevaring og lagring av utstyr som mellom anna båthengar, kajaker, teiner, samt småbåtar og hagemøblar om vinteren. Tiltaket vil ikkje setje omsynet til landbruket vesentleg til side. Tiltaket vil ikkje koma i konflikt med landbruksdrifta og dei interessene som er knytt til det, heller ikkje komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Området har ingen attraktiv strandsone for bruk til friluftsliv for ålmenta. Næraste sjøfront er ei langgrunn evjefjøre som ikkje er eigna og heller ikkje vert nytta til friluftsliv. For ålmenta som ynskjer å bruke området, vil ikkje tilkomsten verte tilsidesatt.

Området er eit etablert naust og hyttemiljø, det vil ikkje føra til auka fortetting eller auka privatisering." Bygningen vil liggje lågt i terreng, plassert i bakkant av tomten, inntil ein fjellknaus og med lengst mogleg avstand til sjøkanten. Det vil såleis ikkje ha eit dominerande yttrykk. APM-utvalet kan difor ikkje sjå at friluft-og strandsonevernet vert vesentleg satt til side. Etter ei samla vurdering ser APM-utvalet at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska
Klage på vedtak - Søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska
Avslag på søknad om dispensasjon og løyve til oppføring av garasje - gbnr 443/47 Toska
Uttale - gbnr 443/47 Toska - garasje oppføring - dispensasjon
Høyringsuttale frå landbruksavdelinga GBNR 443/47 Toska - oppføring av garasje
Søknad om løyve til tiltak - gbnr 443/47 Toska
fasadetegning
Plan og snitt tegning
Oversiktsbilde
Utnyttelsesgrad
situasjonskart
Dispensasjonssøknad
Løyve til arealoverføring med dispensasjon gbnr 44320 Toska
Kart/foto til saksframlegg - gbnr 443/47 Toska

Kopi til:

Solfrid Wallem

Hetlevikåsen 20

5173

LODDEFJORD

Kopi til:

Solfrid Wallem

Hetlevikåsen 20

5173

LODDEFJORD

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER